



Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune

28 APR 2015

Hordaland fylkeskommune
Pb. 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Tor S Høyland - 55516266

Vår referanse:
2015/050019-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
27.04.2015

Spørsmål frå partiet SV til Samferdselsutvalet - spørsmål om UAG

Vi viser til oversending dagsett 17 april 2015.

I samband med spørsmål i SAMU frå Tom Skauge, ber de om våre svar. Spørsmåla er knytt til trafikkulykker i Hordaland med tragisk utfall.

Spørsmål til samferdselssjef:

1. Er det rett lesing at VG sine tabeller at 17 menneske døde i trafikken i Hordaland i ulykker der veiforholdene var av stor betydning? (Min Exel-fil basert på <http://www.vg.no/spesial/2014/trafikkulykkene/> er lagt ved.
2. Vil SAMU få ei samla framstilling av funna i rapportane som no er offentlege?
3. Er det grunn til å sjå på om Fylkeskommunen sine rapportar og planarbeid bør leggja større vekt på trekk ved veg i tillegg til , vær, førarfeil og forhold knytt til kjøretøy?

Svar på spørsmål 1

Ja, det er rett lesing at i perioden 2005-2013 døde 17 menneske i trafikkulykker i Hordaland der vegforholda var av stor betydning.

Svar på spørsmål 2

Her forstår vi det slik at spørsmålet gjeld funn knytt til vegforhold. I ei ulykke er ofte årsakene til at ulykka har skjedd og til skadeomfanget av ulykka, samansett. Utløysande årsak kan vera ein førarfeil, medan sideterrenget til vegen kan ha stor betydning for skadeomfanget. Vi legg ved ei liste der vegforholda er kommentert for ulykker skjedd i tidsrommet 2009-2013. Vi har ikkje tilsvarende oversikt for åra 2005-2008. Rapportane for 2014 er ikkje klare enno. NB! Dette er forslag frå UAG (UlykkesAnalyseGruppa, som er den regionale gruppa som føretar den samla analysen av dødsulykkene). Det er ikkje nødvendigvis slik at det er dette som blir dei endelege tiltaka som blir utførte.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Svar på spørsmål 3

Vi oppfatar at dette spørsmålet gjeld økonomiske prioriteringar og at det difor er naturleg at fylkesadministrasjonen svarar sjølv. Vi vil likevel kommentera at opplysningar som ein kan få frå analysearbeidet etter dødsulykker vil vera viktig i samband med det systematiske trafikksikringsarbeidet som mellom anna fylkeskommunen er ein del av. Særleg gjeld det opp mot arbeidet til FTU (Trafikksikringsutvalet i fylket).

Avdeling Hordaland

Med helsing

Sindre Lillebø
for Olav Finne
Avdelingsdirektør

Tor S Høyland
Tor S Høyland